

## **STRATEGIPLAN FOR KYRKJA I VANG FOR PERIODEN 2018-2022**

Kyrkja i Vang, består av fire sokn: Heensåsen, Høre, Vang og Øye.

### **KYRKJA I VANG SKAL VERE EIT FELLESKAP FOR ALLE, I DAGLEGLIV OG HØGTID, SORG OG GLEDE.**

Dette tyder:

- Kyrkja skal i ord og gjerning vitne om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus.
- Kyrkja i Vang skal hjelpe og utfordre menneske i alle fasar av livet til å finne sin plass i Guds skaparverk og kjenne si tilhøyring til den treeinige Gud - Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren.
- Kyrkja i Vang skal vere ein synleg og positiv deltakar i lokalsamfunnet og vere med å vidareutvikle det gode samspelet mellom natur og kultur og tru som har prega sokna i fleire hundre år.
- Kyrkja skal i Jesu namn fremme glede, livslyst, sanning og rettferd og vere ein møteplass for alle som ønsker det.

### **Vang kyrkjelege fellestråd har ansvar for drifta av kyrkja.**

Dei skal:

- Halde kyrkjebygg og inventar ved like. Syte for nok gravplasser, føre register over døde, halde ved like kyrkjegardane og syte for gode rutinar for drifta.
- Være ein god og ansvarleg arbeidsgjevar for dei tilsette. Syte for nødvendige overføringar frå kommunen til løn, drift og vedlikehald, samt til aktivitetar i kyrkjene, spesielt for barn og unge.
- Informere om kyrkja sine tenester mellom anna på [www.kirken.no/vang](http://www.kirken.no/vang), på 'Kyrkja i Vang' på Facebook, i Vang menighetsblad og i Avisa Valdres.

**Dei 4 sokneråda har felles gudstenesteforordning frå Biskopen, sokneprest og fellesrådstilsette, trusopplæringsplan for alle døypte mellom 0-18 år og diakoniplan.**

**På Heensåsen har soknerådet særskilt ansvar for**

- Koordinere skyss til gudstenester i soknet
- Oppsøke dei i soknet som strevar
- Vi syng jula inn annakvart år
- Gudsteneste på Haukåsen Palmesøndag
- Påskennattsmesse
- Pinsevandring 2.pinsedag – felles trusopplæringstiltak
- Stølsmesse om sommaren
- Gjennomføre årsmøte kvart år

**I Høre har soknerådet særskilt ansvar for**

- Halde stavkyrkja i hevd som historisk bygning og kulturberar
- Vi syng jula inn annakvart år
- Messe julafta
- Juletefest for barn og familiar
- Nyttårsvandring til Utsikten, saman med Ryfoss vel og Høre/Ryfoss IL
- Påskevandring 2. påskedag - felles trusopplæringstiltak
- Stølsmesse om sommaren
- Gjennomføre årsmøte kvart år

**I Vang har soknerådet særskilt ansvar for**

- 1.dags gudstenestene
- 17.mai gudsteneste
- Utarbeide rutiner for Open kyrkje
- Arrangere konsertar i kyrkja
- Lys Vaken - felles trusopplæringstiltak
- Skulegudsteneste før jul og påske
- Stølsmesse om sommaren
- Gjennomføre årsmøte kvart år

**I Øye har soknerådet særskilt ansvar for**

- Halde stavkyrkja i hevd som historisk bygning og kulturberar
- Jonsokmesse i stavkyrkja
- Bruke og ta vare på st Tomas kyrkja på Filefjell
- Tårnagentsamling - felles trusopplæringstiltak
- Samefolkets dag
- Utegudsteneste i Børrelia Langfredag.
- Vi syng jula inn annakvart år
- Messe julafta

